



I dag blir SPAR i Uskedalen heidra i Oslo for topp-plasseringa på landsbasis med omsyn til service. Ein delegasjon på 6 har reist til hovudstaden for å bli påskjønta og ein skulle kanskje tru at den populære butikken må køyra med redusert kapasitet og service i dei 2 dagane viraken går føre seg. Men slik er det slett ikkje - eit mannskap på 5 sørger for å halda servicen oppe.

Dei som no blir gjenstand for heider er Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg, Kjersti Børve, Kari Ljosnes, Inger Myklebust og Vigdis Haugland.

Dei som held skansen i butikken og i like stor grad fortener heideren er Jørgen Moberg, Alexander Rebaudo, Jannike Myklebust, Elisabeth Steinsvik og Vegard Døssland med 3 på dagtid og 2 på kveldstid.

Det er Jørgen, Alexander og Jannike som her står klare til å ta imot kundane som er fulle av ros om vikarane som slett ikkje ber preg av å vera vikarar men fungerer som profesjonelle butikkfolk. Det seier i alle fall kundane, som har gjeve SPAR i Uskedalen toppkarakteren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen'